



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/160028-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
17.01.2017

Uttale – Dispensasjon fra byggegrense – fv. 565 – Gnr. 85 bnr. 40 – Radøyveien – Alversund – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 24. november 2016. Det er søkt om ny bustad i eit område som ligg innanfor byggegrense langs veg.

Kva saka gjeld:

I 2004 vart det søkt avkøyrsløyve og dispensasjon frå byggjegrensa langs veg. Det vart gjeve dispensasjon til å oppføre ein bustad på tomte 22 meter frå vegmidte. I 2010 vart det gjeve løyve til å nytte avkøyrsløye til tomte. Bustaden er ikkje realisert.

I 2015 kom det ny søknad om oppføring av bustad på tomte. Vi uttalte i brev av 8. desember 2015 at vi ikkje såg grunn til å lempe på avstandskravet på 22 meter frå vegmidte slik vi hadde akseptert tidlegare. Vi gav også uttrykk for at det innanfor byggjegrensa ikkje er høve til å oppføre bygningar eller til dømes fast parkering.

Vidare saksgang:

Tomte er avsett til bustadføremål jf. Kommunedelplan for Radøy Sør (2009).

Tiltaket ligg i eit område som er utsatt for støy langs veg. Kommunedelplan for Radøy Sør har eigne føresegner knytt til støy. Det er lagt ved ein «Støyrapport» som skisserer tiltak for å oppnå tilfredstillande bumiljø på tomte. Bustad og støyskjerming ligg innanfor byggegrense langs veg. Før vi behandlar søknaden etter veglova ber vi kommunen vurdere søknaden etter relevante føresegner i Kommunedelplan for Radøy Sør og føresegner i plan- og bygningslova.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet difor utforma som ei uttale til kommunen si handsaming etter plan- og bygningslova.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Vurdering:

Statens vegvesen kan ikkje sjå at Kommunedelplan for Radøy sør (2009) har eigne føresegner eller retningslinjer om byggegrense langs veg. Vi legg til grunn at byggegrense langs veg er 50 meter på gjeldande strekning, og at søknaden skal handsamast etter veglova.

Tomta ligg i eit område som ligg i raud og gul støysone jamfør våre støyvarslingskart. Kommunen skal då krevje ein støyfagleg utgreiing som synleggjer støynivå ved ulike fasadar på bygningane og uteopphaldsareal jf. *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2016)*.

Vi fekk oversendt «Støyrapport» frå tiltakshavar 20. desember 2016. Her kjem det fram at det er behov for tiltak mot støy for å oppnå tilfredstillande bumiljø. Tiltaka som er foreslått er mellom anna å planere tomta til kote 45,2 meter, for å unngå overskridingar av tilrådde grenseverdiar. Tomta må planerast ut til ein avstand på 3 meter eller mindre frå eigedomsgrensa mot fylkesvegen, slik at tomta vert liggande høgre enn vegen. Det trengs og støttemurar på delar av strekninga (mot fv. 565) for å halde massane på plass. Ei slik planering med støttemur vil i følgje støyrapporten fungere som ein naturleg støyskjerm. Det kjem ikkje tydleg fram av støyrapporten omfanget på planeringa og høgde på støttemur.

I 2011 vart det meldt oppstart av «Områdeplan Storheim» der tomta var omfatta av planområdet. Vi meiner difor at det er ei kjent sak at denne vegstrekninga er under planlegging. Områdeplan for Storheim vart endra 2016 slik at fylkesvegen vart tatt ut av planen før offentleg ettersyn. Men det føreligg no nye konkrete planar om regulering av vegen med fokus på å legge til rette for gang – og sykkelveg samt vegutbetring på strekninga. Oppstart av dette planarbeidet er venta hausten 2017. Det er viktig for oss at det er tilstrekkeleg areal langs vegen til gjennomføring av planen. Vegstrekninga er prioritert gjennom «Nordhordlandspakken».

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense for å byggje 22 meter frå vegmidte. Dette er eit vesentleg avvik frå gjeldande byggegrense på 50 meter. Til samanlikning har vi akseptert ei byggegrense på 30 meter i nyleg godkjente og pågåande planarbeid i området. I søknaden vi fekk 24. november 2016 er parkering, garasje og bod plassert nærare byggjegrensa enn 22 meter. Vi meiner at tomta må planleggast slik at kravet vårt om å halde dette utanom 22 meter vert tilfredstilt.

Støttemuren slik den er omtalt vil ligge mindre enn 10 meter frå vegmidte. Vi meiner det vil vere svært uheldig å etablere større konstruksjonar i dette området fordi det i nær framtid vert starta opp planarbeid som treng tilstrekkeleg areal langs veg for å realiserast. På bakgrunn av dette kan vi ikkje akseptere ei slik plassering av bygningar og støttemur på noverande tidspunkt.

Konklusjon:

Statens vegvesen syner til at vi allereie har uttalt oss i denne saka i vårt brev av 8. desember 2015. Denne uttalen står ved lag.

Vi er kritisk til utbygging av gnr. 85 bnr. 40 til bustad. Bakgrunn for dette er nærleiken til veg, miljøulempene ved å bu langs veg samt konkrete planar om å regulere og utvide vegen for å realisere gang- og sykkelveg.

Dersom tomta skal vurderast for utbygging meiner vi det er rett å samkøyre dette med det pågåande planarbeidet for fylkesveg 565, som etter planen har oppstart hausten 2017.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak oversendt for eventuelt klagevurdering.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Alvsbyhus Norge AS, Postboks 2008 Høyden, 1520 MOSS

Vedlegg:

Uttale frå Statens vegvesen 8. desember 2015



Statens vegvesen

Silje Johannessen

Behandlande eining: Region vest Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792 Vår referanse: 15/238150-2 Dykkar referanse: Vår dato: 08.12.2015

Uttale til dispensasjon – Fv. 565 – Byggjegrænse frå veg og utvida bruk av avkøyrsel – gnr. 85 bnr. 40 – Radøy kommune

Vi syner til brev mottatt 11. september 2015 og søknad mottatt 5. oktober 2015.

Saka gjeld søknad om avkøyrsel for einebustad på gnr. 85 bnr. 40, samt dispensasjon frå byggjegrænse langs Fv. 565 på 12 – 15 meter. Du ber også om vurdering av eventuelt to bueiningar på eignedomen.

Eignedomen ligg som eksisterande bustadområde jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy. Byggjegrænse på staden er 50m. Etter det vi kan sjå er det ikkje eigne føresegner i arealdelen av kommuneplan for Radøy som omhandlar byggjegrænse langs veg. Statens vegvesen legg difor til grunn at det er vi som skal behandle søknad om dispensasjon frå byggjegrænse og eventuelt utvida bruk av avkøyrsla.

Opplysning om saksgong:

Før Statens vegvesen behandlar søknader etter veglova skal tiltaka vere avklart etter plan- og bygningslova (PBL) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Vi har også klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei førehandsuttale i denne saka.

Førehandsuttale til handsaming etter plan- og bygningslova.

Tekniske opplysningar:

Tomta ligg langs Fv. 565. Fartsgrense på staden er 60 km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er estimert til 3800. Vegen ligg i Haldningsklasse 2 (streng) jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*. Om lag 2/3 av tomte er vurdert til gul og raud støysone.

Vurdering:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Avkøyrse:

Statens vegvesen fekk i 2004 søknad om ny avkøyrse og søknad om dispensasjon for oppføring av ein einebustad på eigedomen. Vi gav eit førehandstilsegn på avkøyrse med vilkår om opparbeiding av siktlinjer mm. I 2010 gav vi løyve til å nytte avkøyrsla. Bustaden er ikkje realisert.

Dersom søker vurderer fleire bueiningar på tomta, vil vi vurdere avkøyrsla på ny. Dette betyr mellom anna at det kan kome nye krav til utforming av avkøyrsla slik at den vert utforma etter dagens krav.

Byggjegrænse:

Byggjegrænser skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ev utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

I 2004 vart det søkt om og godkjent dispensasjon frå byggjegrænsa langs veg på 22m for å oppføre ein einebustad på tomta.

Sjølv om Statens vegvesen tidlegare har gitt dispensasjon frå byggjegrænsa, er dette vedtaket ikkje lenger gyldig. Vi meiner at det har gått såpass lang tid sidan dette vedtaket at det no er relevant å trekke inn ny kunnskap når søknad om dispensasjon frå byggjegrænse skal vurderast på nytt.

Sidan førre vedtaket har vi mellom anna utarbeidd *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)*. Her er gjeldande vegstrekning synt med haldningsklasse 2 (streng). Det vil mellom anna seie at:

- vegen er ein viktig hovudveg med overordna funksjon
- det vanlegvis ikkje vert gjeve dispensasjon før det føreligg ein reguleringsplan
- godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar bør avgrensast
- byggjegrænser 50 meter

Innanfor byggjegrænsa er det ikkje høve til å oppføre bygningar eller t.d. fast parkering. Statens vegvesen vil legge til grunn ei streng haldning til dispensasjon frå byggjegrænsa i denne saka, og ser ikkje grunnlag for å lempe ytterlegare på byggjegrænsa enn det som vart gjeve løyve til ved søknaden i 2004.

Kommunen planlegg ny gang/sykkelveg langs fylkesvegen. Kommunen må i si vurdering av denne saka ta høgde for arealbehovet til gang / sykkelveg og sørge for at det er satt av tilstrekkeleg areal til føremålet, før dei gjev løyve til bustad.

Støy:

Store deler av tomta ligg i raud og gul støyvarslingssone. Vi gjer difor merksam på at dersom det vert planlagt nye bustader i gul støysone, skal kommunen krevje at det vert utarbeida ei støyfagleg utgreiing saman med søknaden, jamfør retningslina for handsaming

av støy i arealplanlegging (T-1442/2012). Vi gjer særleg merksam på støyretningslina sine krav knytt til støynivå på uteopphaldsareal og på fasade (stille side).

Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova:

Det ligg føre eit avkøyrsløyve etter veglova til ei bueining på tomta. Statens vegvesen utsetter vidare behandling av søknad om utvida bruk av avkøyrsel til det eventuelt føreligg ei godkjenning frå Radøy kommune om å byggje ut fleire bueiningar på tomta.

Kommunen må vurdere om tomta er stor nok og eigna til utbygging. Kommunen må mellom anna ta omsyn til arealbehov ved framføring av gang / sykkelveg og eventuelt behov for støyskjerming. Dersom kommunen finn at det er grunnlag for å byggje ut tomta, vil Statens vegvesen legge til grunn ei streng haldning til søknad om dispensasjon frå byggegrensa.

Dette brevet skal sendast med som vedlegg til søknad om tiltak etter plan- og bygningslova. Søknaden skal sendast til Radøy kommune.

Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Kopi:
Radøy kommune

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.